

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 04.06.2014
Tidspunkt: 11:30 – 12:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Jorunn Eide Kirketeig	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iris Loftheim	MEDL	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 12/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 13/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 14/14	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om dispensasjon i samband med bygging av kraftverk - Kupekraft		2014/2073
ST 15/14	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - midlar til kartlegging av flora		2014/1221
RS 2/14	Orienteringssaker		
ST 16/14	Eventuelt		

ST 12/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 04.06.2014

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak

Styret fatta vedtak it råd med framlegg frå forvaltar

ST 13/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 04.06.2014

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner protokoll frå førre møte og signerer den ved neste høve

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegg frå forvaltar

Arkivsaksnr: 2014/2073-0
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik
Dato: 23.05.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	14/14	04.06.2014

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om dispensasjon i samband med bygging av kraftverk - Kupekraft

Dokument i saka:

- Dispensasjonssøknad
- Konsesjonssøknad

Søknaden

Kupekraft har sendt inn konsesjonssøknad til Norges Vassdrag- og energidirektorat (NVE) om å få bygge ut fallet frå Stegsvatnet til Legestølen i Årdalen i Jølster kommune. Grensa til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde går akkurat i utløpet frå Stegsvatnet. I verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er det opna for å regulere Stegsvatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon.

I konsesjonssøknaden er det presentert to alternativ. Alternativ 1 har inntaksdam nedstraums utløpet med damtopp på høgaste naturlege vasstand for Stegsvatnet. Dette alternativet har ikkje inngrep innanfor grensa til landskapsvernområdet. Alternativ 2 har inntak direkte i Stegsvatnet, under vasslinja. Dette alternativet krev dispensasjon frå verneforskrifta dersom det skal gravast grøft til røyr fram til vatnet. Kupekraft søker derfor om løyve til å gjere dette inngrepet.

Kupekraft skriv i søknaden at ved graving av grøft til røyr vil terrenget bli som før etter at røyra er lagde, og at dette arbeidet vil verte beskrive i «detaljplan for landskap og miljø» som NVE skal godkjenne før bygging tar til. Dei skriv og at alternativ 2 med inntak direkte frå vatnet ikkje vil føre med seg andre synlege inngrep etter bygginga enn eit lite lukehus, og dette kan plasserast lite synleg utanfor landskapsvernområdet.

Verneforskrift og regelverk

I følgje verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 er landskapsvernområdet verna mot inngrep. Det er lista opp fleire dømer på inngrep som området skal vere verna mot, og både graving, påfylling av masse og framføring av leidningar i jord er nemnt blant desse. I pkt. 1.2 og 1.3 er det lista opp ein del tilfelle og føremål kor det er gjeve eller kan gjevast dispensasjon frå dette forbodet. Regulering av Stegsvatnet er der nemnt som eit tiltak som det er gjeve dispensasjon til, men nedgraving av røyr er ikkje nemnt. Det er derfor ikkje heimel i verneforskrifta til å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

Denne søknaden må derfor handsamast etter naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonsparagraf, § 48:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

[...]

Det må derfor vurderast om dispensasjonen det er søkt om her kvalifiserer til å kunne få dispensasjon etter nml § 48, og deretter om det eventuelt skal gjevast ein slik dispensasjon.

Vurdering

Det må altså først vurderast om det er heimel i § 48 for å kunne gje dispensasjon, og eventuelt deretter ei fagleg vurdering om ein skal gje det løyvet som det er søkt om. I denne saka er det det første alternativet i § 48 som inngrepet må vurderast mot, om tiltaket «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, [...]*».

Vi må då sjå kva som står i verneføremålet for landskapsvernområdet, som står i verneforskrifta § 2:

§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Som vi ser i føremålsparagrafen er ein del av verneføremålet å ta vare på eit område som er nesten utan tyngre tekniske inngrep. Eit tungt tekniske inngrep, som graving av grøft til røyr er, er derfor i strid med verneføremålet og kan ikkje få løyve etter nml § 48. Det er altså ikkje heimel i nml § 48 til å gje det løyvet som det er søkt om.

Konsesjonssøknaden er presentert med to alternativ. Begge alternativet er presentert med same tal i kostnad og i kraftproduksjon. Alternativ 1 har inntaksdam utanfor grensa til verneområdet. Ein har altso eit alternativ som kostar det same og gjev like mykje kraftproduksjon, men som ikkje fører til tekniske inngrep inne i verneområdet.

I og med at ein har eit like godt alternativ, som ikkje fører til inngrep inne i verneområdet, so er det heller ikkje fagleg grunnlag for å gje løyve til det inngrepet det er søkt om.

Skulle Kupekraft derimot går for inntak direkte i vatnet utan inngrep i terrenget, men å bore frå utsida av verneområdegrensa og rett inn i vatnet under vassoverflata, treng dei ikkje dispensasjon frå verneområdestyret.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknaden om graving av røyrgrøft inn til Stegsvatnet.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 04.06.2014

Handsaming i styret:

I verneforskrifta til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er det opna for kraftutbygging med utnytting av vatnet i Stegsvatnet på Jølster, sjølv om dette vatnet ligg inne i landskapsvernområdet. Det er og opna for å regulere vatnet innanfor høgste og lågaste naturlege vasstand for Stegsvatnet. Denne opninga er og omtala i Kongeleg Resolusjon for landskapsvernområdet.

Styret vurderer det slik at når det i verneforskrifta er opna for regulering av vatnet, må det og vere opent for å bygge naudsynt inntaksarrangement for å gjere reguleringa muleg. Ein må då tolerere visse inngrep inn til vatnet.

Vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vurderer det derfor slik at det tiltaket som Kupekraft her har søkt om, allereie har løyve i den opninga som står i verneforskrifta § 3 punkt 1.2 e) 2):

1.2. *Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:*

[...]

e) *Regulering av følgjande vatn dersom det vert gjeve konsesjon etter vassdragsreguleringslova for kraftutbygging:*

[...]

2) *Stegsvatnet ved utbygging mot Årdal i Jølster. Vasstanden må liggje innanfor øvre og nedre naturlege nivå.*

Arkivsaksnr: 2014/1221-0
Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik
Dato: 23.05.2014

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	15/14	04.06.2014

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - midlar til kartlegging av flora

Dokument i saka:

- Søknad om midlar til kartlegging av flora

Søknaden

Svein Hjelmeset søker om midlar til å gjennomføre ei kartlegging av flora og fugleliv i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Hjelmeset føretok ei liknande kartlegging i Fagredalen i fjor, men meiner det framleis er behov for meir kartlegging, både i Fagredalen og andre stader.

Hjelmeset vil gjere ferdig kartlegging i Fagredalen, og i tillegg sjå på Tverrfjellet og på Morafta/Berdalsegga. Funna vert oppsummert i eit hefte med bilete og tekst, og etter erfaringane frå i fjor vil dette arbeidet koste om lag 15.000 kr.

Vurdering

Hjelmeset gjorde som det er synt til eit liknande arbeid i fjor, i Fagredalen. Han laga då eit hefte med bilete og tekst kring dei plantane han fann der, og resultatet vart veldig bra.

Denne typen arbeid er ein viktig del av forvaltninga av eit naturområde med verneverdiar. Det er viktig å få kunnskap, og endå betre når ein får kunnskapen samla i eit hefte som kan formidlast vidare til andre.

Det er ikkje sett av pengar frå bestillingsdialogen til dette arbeidet. Men styret har sett av 70.000 som ikkje er fordelt enno, og som kan brukast til tiltak som dukkar opp eller som vert søkt om. Mesteparten av desse 70.000 bør haldast att til ein får oversikt over kostnadane på dei prosjekta som no er ute på anbod.

Dette er eit viktig arbeid, og styret bør helst kvart år sette av midlar til innhenting av kunnskap. Summen det er søkt om er relativt liten i høve til det som går til andre prosjekt, og vi veit av erfaring at Hjelmeset leverer mykje og bra arbeid i høve til kostnaden.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre set av kr 15.000 til kartlegging av flora og fugl i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, i tråd med søknaden frå Svein Hjelmeset.

Arbeidt skal utførast etter avtale med verneområdeforvaltar og pengane vert utbetalt når arbeidet er levert.

Midlane vert henta frå posten «Styret sine tiltaksmidlar» under bestillingsdialogmidlane for 2014.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 04.06.2014

Vedtak

Styret fatta vedtak i tråd med framlegg frå forvaltar

RS 2/14 Orienteringssaker

Verneområdeforvaltaren informerte om desse sakene:

- Delegert vedtak - Løyve til organisert riding i Traudalen
- Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel på Traudalsvatnet i samband med vedlikehald på bygning
- Status på anbodskonkurransen i samband med bestillingsdialogtiltak:
 - Buføringsveg i Traudalen
 - Klopplegging i Gjengedalen
 - Parkeringsplass i Ryssdal
- Delegert vedtak - Løyve til helikopterlanding på Nesrimma i Naustdal i samband med transport av material og utstyr

ST 16/14 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 04.06.2014

Ingen saker